



**Lindås kommune, rådmannen.
Rådhuset -Kvernhusmyrane 41
5100 ISDALSTØ**

Særutskrift av sak 3 frå møte i Samarbeidsutvalet/Skulemiljøutvalet (SU/SKMU) ved Myking skule 15.11.16.

Uttale til høyring – Trafikksikringsplan for Lindås kommune 2017-2020.

Samarbeids- og skulemiljøutvalet ved Myking skule (SU/SKMU) har handsama høyningsframlegg til trafikksikringsplan for Lindås kommune 2017-2020.

Vedtak:

SU/SKMU har merknad til fleire av grunngjevingane på innspel som er hamna på liste «Ikkje teke med i planen»:

FV 397 Mykingvegen - Samordne legging av vass-/avlaup-/fiber ledning etc og lage gang-/sykkel-/turveg over dette. «Dette gjeld samordning, ikkje tiltak innanfor trafikksikringsplanen.»

og

*FV 399 Skauegen.- Samordne legging av vass-/avlaup-/fiber ledning etc og lage gang-/sykkel-/turveg over dette. Busskur ikkje trafikksikring.
«Dette gjeld samordning, ikkje tiltak innanfor trafikksikringsplanen.»*

og

*FV 396 Sævråsvegen: - Samordne legging av vass-/avlaup-/fiber ledning etc og lage gang-/sykkel-/turveg over dette. Busskur ikkje trafikksikring.
«Dette gjeld samordning, ikkje tiltak innanfor trafikksikringsplanen.»*

Her må rådmannen ha misforstått. Grunngjevinga for innspela er at ein ofte kan få fleire meter «gang og sykkelveg» for same sum trafikksikringsmidlar når trasear for anna infrastruktur vert lagt langs bilvegar. Om kommunen er flink å samordna utbygginga av infrastrukturen i slike samanhengar, kan ein for trafikksikringsmidlar oppnå inntil «nær gratis» gang og sykkelvegar oppå traseane for vvs, straum og fiber. Eksempel er trasè for vassleidning langs FV 397 frå sør til Myking. Her kunne kommunen lett ha samordna grøftetraseen for vassleidningen med gang og sykkelveg, - delfinansiert med trafikksikringsmidlar. Dette vart ikkje gjort trass sterke ønskje om dette frå skulekrinsen.

FV 396 Sævråsvegen:

- *Gang-/sykkelvegar langs skulevegane innanfor 4km sona.*
- «- G/S For generell, kva skulevegar?

og

- *Fleire lyspunkt, særskilt ved busstoppa.*
- «- Enkelt lys vert ikkje vurdert då dette er meir trafikkfarleg».

På dette punktet meiner SU/SKMU at rådmannen lett kunne fått svar på spørsmålet «kva skulevegar ligg innanfor 4 km sona frå Myking skule ved å venda seg til skulen. Grunnlaget for dette trafikksikringstiltaket er at elevar som bur nærmare enn 4 km frå skulen ikkje har rett til skuleskyss. Dessutan vil gang og sykkelvegar frå inntil 4 km frå skular dekka ein stor del av behovet for å sikra mjuke trafikantar også utanfor skulegangen.

SU/SKMU lurar jo også på grunnlaget for at rådmannen vurderer lyssetting av busstopp som «trafikkfarleg».

Rett utskrift 23.11.2016



Nils Kvalvågnes
(referent for SU/SKMU)